ALVER
KOMMUNE

Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 Alversund

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/3871 - 23/66546 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 28.08.2023 |

# Foreløpig svar på ferdigmelding - Gbnr 469/5 Vågstaule

**Tiltak;** Tilknyting kommunalt vatn
**Byggjestad:** Nøtlevågen 131 og 133
**Tiltakshavar:** Lydia Hoen Tjore
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan som er vedlagt søknad viser målepunkt for stakekum, stoppekran og lokka til septiktank. Situasjonsplanen viser ikkje leidningsnett frå veggliv bustad og heilt fram til kommunalt leidningsnett.

   **Vi viser til vilkår i tilknytingsløyve som gjeld ferdigmelding:**
   «Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning».

   Vi ber om at det vert sendt inn oppdatert situasjonsplan som viser leidningsnett frå veggliv bustad og heilt fram til tilknytingspunktet på den kommunale vassleidninga. For å få teikna inn privat leidningsnett som bustaden har fått knytt seg på, må De ta kontakt med leidningseigar for å få påvist traseen til privat leidning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Torkjell Holm Brenna | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Majo Eigedom As | Lindåsvegen 154 | 5916 | Isdalstø |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal Vvs As | Blombakken 1 | 5911 | Alversund |